



Geila sett frå sør. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Dei som står bak det spanande steingeil-prosjektet i Uskedalen har no fått melding frå jordbrukssjef Karin Thauland i kommunen om at dei ikkje kan få SMIL-midlar dette året fordi løyvingane er brukt opp.**

Søknadsfristen for å søkje om midlar neste år er 15. april og søknaden frå Uskedalen vil bli handsama i lag med dei nye søknadane, Difor kan Olav Hjetland Bringedal, Tormod Myklebust og Kåre Myklebust ikkje venta svar på søknaden før i september neste år.

Kostnadsoverslaget for restaurering av steingeila sluttar på 537.900 kroner og det er søkt om eit eingangstilskot av SMIL-midlar på 60 prosent av dette. Norsk Kulturminnefond er søkt om 72.360 kroner og dugnadsinnsatsen er berekna til 142.800 kroner.

Geila er 230 meter lang og i tillegg kjem ein enkel steingard på 70 meter. Initiativtakarane meiner at geila igjen kan bli eit fint landskapselement som vitnar om mange hundre års tradisjonar for dyrehald.

Tidsplanen skal leggjast opp når løyvingane er sikra og sjølv restaureringa er planlagt gjort i perioden 2008/2010. Den skal gå føre seg både manuelt og ved hjelp av gravemaskin.

Av Ola Matti Mathisen